

## MIDTRE HOLSNOY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: [bj-skin@online.no](mailto:bj-skin@online.no)  
 heimeside: <http://www.grunneigarlaget.moo.no>

**Meland kommune**  
 v/Kristin Nåmdal

Dykkar ref.:

Dato. 29.09.2014

Vår ref.: BJS

### Gjeld innspel til kommuneplan

Midtre Holsnøy Grunneigarlag består av 50 medlemmar som er grunneigarar i området rundt Rylandsvassdraget. I samarbeid skal laget forvalta og nytta dei verdiane som ligg i området m.o.t. Småviltjakt, fiske og friluftsliv.

Rylandsvassdraget er med i nasjonal verneplan for vassdrag. Dette betyr at heile vassdraget inklusive nedslagsfeltet er omfatta av dei Rikspolitiske retningslinene for forvaltning av verna vassdrag.

Rylandsvassdraget har ein eigen forvaltningsplan som framleis er gjeldande. Forvaltningsplanen sitt temakart viser inndelinga av standsoneområda ut frå registrerte verneverdiar og arealtilstand. Dette er i tråd med Rikspolitiske retningslinene for forvaltning av verna vassdrag. Eit område rundt Rylandstjønna er merka som klasse 3

*"Vassdragsbelter som er lite rørt av menneskelige aktivitetar og inngrep og som har stor opplevingsverdi og vitenskapleg verdi. Vassdragsbelter som tilfredstiller denne kategorien bør ikkje utsetjast for nye inngrep eller aktivitetar som endrar naturtilstanden i vassdragbelta." (s.26 i forvaltningsplan for Rylandsvassdraget...)*

I same område er foreslått eit areal til næringsområde.

I kommuneplanen si planskildring er det eit punkt om arealstrategiar for LNF-område. (3.1.2)

Der kjem det fram at:

*"Større samanhengande friluftsområde og særleg viktige landskap og naturmiljø skal sikrast gjennom omsynssoner"*

I kommuneplanen er Rylandsvassdraget med nedslagsfelt merka i plankartet som areal H190\_1, og vert omtala som ei "omsynssone"

I planskildringa punkt 4.6 står det:

*"Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning vise særskilte omsyn og restriksjonar som har noko å seie for bruken av areal, markert i arealdelen som «omsynssoner» med tilhøyrande retningslinjer og reglar."*

Eit stort næringsareal på Ryland (område nr. 104) ser ut til å koma i konflikt med kommunen sine føringar om omsynssoner, samt registrerte verneområder i høve forvaltningsplan. Store deler av dette arealet ligg i nedslagsfeltet til det verna Rylandsvassdraget.

Vi vil og bemerka at ut frå teksten på s.165 i Konsekvensutgreiingar for kommuneplanens arealdel, ser det av fargekode ut som at tiltaket ikkje vil få konsekvensar for natumangfaldet. Dette er missvisande.

- **Det påstås:** "Naturmangfald - Det er ikkje registrert rødlistarter – men registrert ål i Eikelandsvatnet"

**Merknad:** Store deler av dette tiltaket ligg i nedslagsfeltet til det verna Rylandsvassdraget., og ål er på rødlisten under kategorien "Kritisk truet (CR)"

Kommunen må ut frå dette vurdere om område 104 bør takast ut frå planen og evt. flyttast til mindre sårbare områder.

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag

*Bjarte J. Skintveit*

Bjarte J. Skintveit  
Leiar